

Målsetjing for skulehelsetenesta:

- Sikre at barn og unge får den helseundersøkinga og den helseopplysninga dei har rett på.
- Utføra målretta helseundersøkingar tilpassa individuelle behov og risiko.
- Samarbeide med heim, skule og dei andre i hjelpeapparatet for å identifisera og løysa helseproblem som har samanheng med skuleelevane sin situasjon. Vera pådrivarar og samarbeidspartnar for skulen sine tilsette.
- Alle barn skal få tilbod om vaksinasjon etter anbefalt program

Skulehelsetenesta

- Er eit førebyggjande og helsefremjande tiltak, og er ikkje basert på å driva med behandling.
- Elevane får testa syn, høyrse, målt lengde/ vekt, samt tilbod om legeundersøking ved behov. Der ein finn det naudsynt vert elevane kontrollert oftare, eller tilvist til fastlege. Dette er i samarbeid med foreldre.
- Samarbeider med skulen, tannhelsetenesta, fysioterapeut, PPT, psykisk helsevern og barnevern om barn /ungdom med særlege behov.
- Bør bli informert frå foreldre om det oppstår psykisk eller fysisk sjukdom som krev spesielle omsyn som t.d astma, epilepsi, diabetes, psykiske belastningar i familien som flytting, skilsmisse, rusvanskar, vald, dødsfall og sorg.

5 - 6 år	Skulestartundersøking før skulestart Undersøking i gruppe av fysioterapeut etter skulestart
1 klasse	Zippys venner
2 klasse	Polio/DT/kikhostevaksine m/ foreldre. Zippy's
3 klasse	Helseundersøking m/ foreldre; vekt/ lengde, syn
5 klasse	Helseundersøking hjå helsesjukepleiar. Pubertetsundervisning i grupper
6 klasse	MMR vaksine
7 klasse	HPV vaksine (2 dosar, ca 6 mnd mellom dosane)
8 klasse	Individuell samtale med helsesjukepleiar. Prosjekt " Alle har ei psykisk helse"
9 klasse	Prevensjonsundervisning Prosjekt "Alle har ei psykisk helse"
10 klasse	Polio/ DT/ kikhostevaksine Undervisning sex/samliv . Prosjekt "Alle har ei psykisk helse"

**Samtalegrupper i klassane etter behov.
Høyrse- og synstest ved behov.**

**Mykje nytting informasjon for foreldre til skuleborn på
kommunen sine nettsider!!**

HELSESTASJON I ÅRDAL Tel 57 66 50 20

Leiande helsesjukepleiar	Anne Berit Lerum	Tlf 46 93 66 31
Helsesjukepleiar	Maria Styve Øren	Tlf 95 22 20 51
Helsesjukepleiar	Hege Høl Vee	Tlf 94 13 80 67
Sjukepleiar	Karoline S Igelkjøn	Tlf 48 89 49 02
Sjukepleiar	Ann Siri Øvregard	Tlf 40 23 81 27
Jordmor	Kjersti J. Dolmen	Tlf 95 07 01 34
Barnefysioterapeut	Karianne Gudvangen	Tlf 99 22 48 39

SKULEHELSETENESTA

Farnes skule barnesteg	Karoline S Igelkjøn	Mand, Ty, Ons, Tors
Farnes skule ungdomssteg	Hege Høl Vee	Mand, Fred
Tangen skule	Anne Berit Lerum	Mand, Torsd, Fred
Årdal Vidaregåande skule	Maria Styve Øren	Ons, Torsd

(Funksjonane kan bli endra)

HELSESTASJON FOR UNGDOM

Kvar tysdag kl 12 - 15.30 i 2. etg Helsehuset. Meir informasjon på kommunen sine nettsider.

Skulelege på helsestasjonen tysdagar.

(Ved vanskar med å få svar på tlf, send sms så vil helsestasjon ta kontakt så snart som råd.)

INFORMASJON OM SKULEHELSETENESTA

I

ÅRDAL KOMMUNE
2024/2025

